



Advokatfirmaet Hammervold Pind

Bryggen 3-5

5003 BERGEN

Referanser:

Dykker:

Vår: 17/82 - 17/16739

Saksbehandlar:

Per Sveinar Morsund

Per.Sveinar.Morsund@lindas.kommune.no

Dato:

07.06.2017

Referat frå møte 06.06.17 vedkommande sak 17/82 på gbnr 138/4 Tveiten øvre

Tilstade i møtet:

Adv.flm. Ellen Høysæter-Fjelddalen frå Hammervoll Pind, Tiltakshavar FG Eiendom AS, Forum Arkitekter AS, Per Morsund og Tone Furustøl frå byggesaksavdelinga.

Møtet omhandla klage på avslag på søknad om dispensasjon og rammeløyve for 2 naust og kai anlegg.

Tiltakshavar presiserer at formålet med tiltaka er å gjere området attraktiv igjen i tråd med slik området ein gong var. Nausta må vurderast som ei re etablering av naust meir eller mindre i tråd med opprinnelig utforming.

Klagar ynskjer å vite kva som må på plass for at søknad skal bli godkjent:

- 1) Utbyggingsplan. Få ein heilskapleg plan for området med oversikt over gangstiar mv. Tiltakshavar tenkjer dette er gjennomførbart.
- 2) Dispensasjon frå byggjegrense mot sjø. Gjelder departementets nye uttale frå mars om byggjegrense mot sjø for søknaden innkomne i januar?
- 3) Kostnader. Endra syn på søknaden i tråd med departementet uttale som medfører meirkostnadar for tiltakshavar. Er det kommunen eller tiltakshavar som skal betale?

Krav til universell utforming pkt. 1.2.2. tredje ledd. Kommunen tolkar det som ned til flytebryggja og ikkje heile område N1.

Kommunen presiserer at avslaget kun gjaldt dispensasjonene. Kommunen ville ikkje å leggje gebyr for sjølve byggjesaka då byggjesøknaden er avhengig av innvilga dispensasjon. Tiltakshavar gjev tilbakemelding om flytebryggja skal vere ein eigen søknad. Kommunen er positiv innstilt til flytebryggja.

Kommunen og tiltakshavar er einig om at det burde vært ein tettare dialog for å få ein smidigare prosess.

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



Klagar ynskjer å vite kva som er best framgangsmåte.

Kommunen nemner ulike alternativ:

- 1) Klage på avslag
- 2) Endringssøknad
- 3) Ny søknad
- 4) Mindre reguleringsendring

Klagar ønskjer referat frå møtet med svar på stilte spørsmål. Kommunen gjev ein tilbakemelding i veke 23.

Avklaringar i etterkant av møte

Vurdering av vidare framgangsmåte i saka:

Kommunen ynskjer i samråd med søker/tiltakshavar å finne ei god løysing på vidare saksgang.

Vi har diskutert saka internt og foreslår følgjande løysing;

Saka vert handsama gjennom omgjeringsvedtak som følge av klagen de sender inn. I samband med klagen må det sendast inn utbyggingsplan for område N1 og dokumentasjon på at parkeringskrav til naust er ivaretake. Sidan det vert sendt inn utbyggingsplan fell denne dispensasjonen vekk. I samsvar med tilbakemelding gjeve i møte er det ikkje naudsynt med dispensasjon frå universell tilgjenge då dette er ivaretake for flytebrygge, og ikkje naudsynt for opparbeiding av område N1. Dispensasjon frå føresegner om utforming og plassering må handsamast for tiltak som ikkje er i samsvar med føresegner. Vi ber om at det sendast inn revidert dispensasjonssøknad slik at denne vert i tråd med dei dispensasjonane det må søkast om.

Når det gjeld dispensasjon frå pbl §1-8 byggeforbod i strandsona meiner kommunen at dispensasjon frå § 1-8 kan vurderast på nytt med bakgrunn i uttalen frå Fylkesmannen i Hordaland datert 11.05.2017, der det går fram at «Kommunane må bygge på ei ordinær og konkret plantolking for å sjå om eldre reguleringsplanar legger til grunn ei anna byggegrense til sjø enn 100 meters beltet.».

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Per Sveinar Morsund
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

F G Eiendom As
Forum Arkitekter As

Sagstadvegen 67 5918
Damsgårdsveien 5058
16

FREKHAUG
BERGEN

Tone Margrethe Berland Furustøl

Mottakarar:

Mottakarar:

Advokatfirmaet Hammervold Pind

Bryggen 3-5

5003

BERGEN